



DEVELOPMENT OF SUSTAINABLE URBAN CENTRES WITH ACTIVE INVOLVEMENT OF VOCATIONAL EDUCATION AND TRAINING (VET)

PROSESSMODELL

FOR Å UTFORMA ELLER ENDRA YRKESFAGLEGE OPPLÆRINGSPROGRAM TIL Å MØTA REELLE BEHOV

Eit Erasmus+ Strategisk Partnerskap med 10 partnarar som representerte 5 land har arbeidd frå desember 2017 til februar 2020; «VET in Urban Centres».

Det strategiske partnerskapet hadde særleg fokus på berekraftig utvikling av urbane senter. Dette inkluderte sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

Det var identifisert at opplæringsprogram til dels ikkje samsvarar med det som er dei reelle behova i samfunnet og næringslivet.

Å finna ein modell

I arbeidet med å adressera desse utfordringane vart partnerskapet kjend med Nesta-modellen. Det var semje om å nytta denne 7-fase modellen ved arbeid der det er ønskje om å etablere og/eller justera yrkesfaglege opplæringsprogram. Partnerskapet identifiserte viktige element som i prosessen bør vurderast eller handterast for kvart av dei 7 trinna i modellen. Dette dokumentet presenterer modellen med dei tilrådde element. Ved å bruka denne modellen og inkludera det som er relevant i den aktuelle situasjonen vil modellen gjera det mogleg å definera relevante fagopplæringsprogram.

Dette oppsummerande dokumentet er basert på partnarane sine registreringar av «beste praksis» hos dei ulike partnarane, og på bedriftsbesøk, foredrag, egne erfaringar, og diskusjonar i 5 transnasjonale partnarmøte.



Partnarar

- EARLALL - European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning, Brussels, Belgium
- Agenzia Umbria Ricerche, Umbria, Italy
- Istituto Professionale per l'Industria e l'Artigianato, Umbria, Italy
- BSC Kranj, Gorenjska, Slovenia
- Kranj School Center, Gorenjska, Slovenia
- Barcelona Activa, Catalonia, Spain
- Fjell Municipality (now Øygarden Municipality), Hordaland, Norway
- Sotra Upper Secondary School, Hordaland, Norway
- Knarvik Upper Secondary School, Hordaland, Norway
- Hordaland County Council (now Vestland County Council), Vestland, Norway

Tilleggspartnarar:

- Nordhordland Næringslag, Hordaland, Norway
- Lindås Municipality (now Alver Municipality), Hordaland, Norway

Introduksjon

JOOST KORTE, DIRECTOR-GENERAL, EUROPEAN COMMISSION'S DG EMPLOYMENT, SOCIAL AFFAIRS AND INCLUSION said in a recent interview that "Our societies will undergo fundamental transitions in developing a carbon-neutral economy by 2050 and also through digitalisation: both of these will have a tremendous impact on society, particularly on the way we are working in the European Union. If we want these transitions to be successful, we need to invest in people; a key approach is to improve their skills."

Prosjektet «VET in Urban Centres» fokuserte på dei store utfordringane Europa står overfor i det 21. hundreåret. Eit hovudmål for prosjektet er at fagopplæring på ein betre måte møte dei behov som næringslivet og offentleg sektor har, slik at dei unge får større mogelegheiter for arbeid i ein økonomi som må tilpassa seg på betre måte ein berekraftig modell.

Korleis dette vil bli gjort vil vera avhengig av den institusjonen som tar leiarskap når det gjeld utvikling av fagopplæringa, og korleis ein vurderer utfordringar og set mål. Men generelt vil fagopplæringa ha som mål å respondera i høve til dei behov som er lokalt og kva som vert prioritert av lokale myndigheiter. Dette bør leggjast til grunn på alle trinn i ein vedtaksprosess.

Det er i prosjektet funne ein tydeleg ubalanse mellom innhaldet i opplæringsprogram og kva som er næringslivet sine behov. Det er difor ei bekymring for i kor stor grad dei fagutdanna ungdomane får jobb. Samstundes er det ei bekymring om næringslivet får den arbeidskrafta og den kompetansen dei har trong for. Dessutan er det bekymring for om utdanninga er dekkande for det som vil vera framtidige behov.

Det er behov for ein tenleg modell for å handtera desse utfordringane på ein effektiv måte. Ved å dela erfaringar frå «beste praksis» er det utforma ein modell. Modellen har som mål å avdekka udekkte behov innan fagopplæring for å vera i stand til på ein betre




måte å møte næringslivet sine behov, men og behova i offentlig sektor og hos dei unge sjølv.

Det vert tilrådd å bruka ein 7-trinns prosessmodell (NESTA Model)

Ved å vurdera og analysera kvart av dei 7 trinna; bruka dei elementa som er tilrådd undersøkt eller analysert, vil ein ha eit godt grunnlag for å handla eller konkludera og ein vil sikra ein god prosess.

Dette er dei element det strategiske partnerskapet har konkludert med og tilrådd:

7 trinns analyse	
1	Utforska mogelegheiter og utfordringar
2	Formulering av idéar
3	Utvikling og testing
4	Formulering av tiltaket
5	Levering og gjennomføring
6	Vekst, oppskalering og spreing
7	Endring av system



7 stage processmodell

Arbeid utført av partnerskapet

Faktorar som bør vektleggjast før det vert utviklinga og formulert test av nye fagopplæringsprogram og spørsmål som kan vera til hjelp for å oppdaga udekka behov i tradisjonelle program er lista i det følgjande.

Partnarane i det strategiske partnerskapet «VET in Urban Centres» hadde i ulik grad erfaring med å utvikla fagopplæringsprogram. I dette prosjektet vart det prøvd noko nyutvikling og testing, men i varierende grad hos partnarane.

Denne modellen/presentasjonen oppsummerer erfaringar og bidrag frå partnarane. Ambisjonen er at modellen vil vera til hjelp i vidare arbeid hos den einskilde partnar, men og at den vil vera nyttig for andre i arbeid med å etablera eller vidareutvikla fagopplæringsprogram.

Element som bør analyserast:

1. Grupper som er involvert i fagopplæring:
 - a. Institusjonar som utviklar politikk på området (policymakers)
 - b. Næringsverksemdar/arbeidsgjevarar
 - c. Studentar
 - d. Akademia
 - e. Offentleg myndigheiter/ politiske organ



2. Samfunnsutfordringar der fagopplæring har ei rolle.
3. Utvikling og testing:
 - a. Tematisk fokus for aktuelle program.
 - b. Metode for aktuelt program. Korleis blir det gjennomført?

7 trinn prosessmodell - for å utvikla eller justera fagopplæringsprogram slik at dei dekker aktuelle behov

Tema som bør vurderast eller undersøkjast og utgreiast

1. Utforska mogelegheiter og utfordringar

- ✓ Kommunen sine behov og planar for berekraftig utvikling; miljømessig, sosialt og økonomisk bør undersøkjast og leggjast til grunn for vidare arbeid.
- ✓ Identifiser og involver sentrale interessentar i arbeidet med å definera innhaldet i programma.
- ✓ Kartlegg % av studentar som fullfører si fagopplæring.
- ✓ Kartlegg % av studentar som har fått jobb etter utdanning.
- ✓ Kartlegg % arbeidslause i relevante sektorar.
- ✓ Kartlegg % av students i målgruppa som har ekstra behov (pga. sosial, økonomisk og utdanningsmessig sårbarheit) ut over det som er tilbodet i ordinære fagutdanningsprogram.
- ✓ Kartlegg studentprofilane:
 - Er det kjønnsbalanse i dei ulike program?
 - Kva er profilane til studentane?
- ✓ Kva er koplinga mellom fagutdanningsprogram og andre eksisterande utdanningsprogram?
- ✓ Er det kopling mellom forskning og utviklingspolitikk og fagutdanningsprogram?
- ✓ Vurder om fagutdanningsprogram forbetrar mogelegheitene for tilsetjing for desse gruppene:
 - Arbeidsledige med låge kvalifikasjonar
 - Ungdom med psykisk stress og mentale utfordringar
 - Folk som er utsette for å bli ekskludert

2. Formulering av idéar

- Fagopplæringsprogram bør ta omsyn til ulike behov i ulike område.
- Berekraftig urban planlegging bør vurderast å verta integrert i fagopplæringsprogram.
- Kva er marknaden sitt behov i sektorar som tradisjonelt har tilsett ungdom med fagutdanning?



- Korleis definerer næringslivet som tilset fagutdanna sitt behov for arbeidskraft? Stemmer dette med profilen til studentane dei har i lære?
- Kva nye sektorar vil blomstra innanfor rammene av FN sine berekraftsmål? (Sustainable Development Goals (SDG)).
- Korleis byggjer ein inn FN sin berekraftsmål i fagopplæringsprogramma?
- Korleis inkluderer fagopplæringsprogramma dei komande sosiale og demografiske utfordringane i samfunnet?
- Kva sektorar er det som skaper jobbar i dag? Kva rolle har kommunestyra når det gjeld å setja rammer for desse sektorane?
- Tar fagopplæringsprogramma omsyn til dei blomstrande sektorane som; produksjonsindustri, digital økonomi, kreativ sektor, grøn og sirkulær økonomi, helse og livskvalitet, sosial og solidaritets økonomi. Vil desse sektorane bidra til å fremja kvalitets-sysselsetjing?

3. Utvikling og testing:

- Involver lærarar og andre interessentar til å delta i prosessar som skal skapa og utvikla idear.
- Finnest det nye rammer eller metodar for å gjennomføra opplæringa?
 - o Introduksjon av individuelle sesjonar og gruppesesjonar, slik at studentane både får individuell rettleiing og kan dela si erfaring, sine bekymringar og håp med medstudentar som er i tilsvarende situasjon.
- Kva er den mest optimale lengda på opplæringa?
- Har vi den best eigna infrastrukturen for å gjennomføra fagopplæringa? (både når det gjeld utstyr og materialar?)
- Er det lærarar tilgjengeleg som kan nytta nye læremetodar for å spreie ein berekraftskultur og handtera tema som er relatert til berekraftig utvikling?
- Beskriv metodar for å testa nye metodar.

4. Formulering av tiltaket

- Beslutningstakarar og andre interessentar bør møtast for å presentera idear og argument.
- Bruke lokale media for å bevisstgjera og involvera lokalsamfunnet. Bruk og sosiale media aktivt, med særleg fokus på å nå ungdomen.
- Bedrifter bør gje særskilde tilsette ansvar for opplæringa av den einskilde student som er i lære ved bedrifta.
- Dei opplæringsansvarlege i bedriftene bør få særskild opplæring.
- Studentar bør starta opplæringa si i bedrift.

5. Levering og gjennomføring

- Det bør etablerast gjensidig og bindande avtalar mellom dei ulike partnarar i opplæringa.
- Etabler varige strukturar som ikkje er avhengige av einskildpersonar.



- Legg vekt på å sikra at det er strukturar og evne til å ha ein samanfallande visjon, og at roller i samarbeidet er forstått.
- Formuler og etabler semje om ein plan for gjennomføring av opplæringa, inkluder milepælar.
- Etabler om naudsynt nye prosjekt for å støtta opp om og sikra at vedtekne prosjekt vert gjennomført.
- For studentar i bedrifter bør det etablerast ei rettleiarordning.
- Innhaldet i opplæringa/praksisen bør vera innretta mot at studentane skal få jobb etter utdanninga.
- Saman med bedriftene bør det utarbeidast profilar for studentane slik at dei får rettleiing som gjer at dei kan passa inn i framtidige jobbar.

6. Vekst, oppskalering og spreing

- Etabler tverrsektorielle prosjektgruppe med medlemmer frå ulike interessegrupper.
- Involver interessentar som partnarar.
- Etabler ein metode for å identifisera og velja ut bedrifter for samarbeid.

7. Endring av system

- Studentane må sjølv involverast i dei ulike prosessane. Det er viktig at studentane vert involvert på eit tidleg tidspunkt!
- Skap engasjement og forståing hos lokale myndigheiter og politikarar.
- Vurder å definera kriteria for utval av studentar/ lærlingar, - men gjer desse så fleksible at det vert mogeleg å inkludera óg nokre elevar som representerer variasjonen – det kan gje desse større moglegheiter for tilsetjing/jobb.

